

Innspel frå Vestland fylkeskommune til Kunnskapsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kulturdepartementet til strategi for norsk deltaking i det europeiske utdannings- opplærings-, ungdoms- og idrettssamarbeidet

18.12.2020

Mål

-Hva ønsker dere å oppnå ved å delta i det europeiske utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettssamarbeidet gjennom Erasmus+ i perioden frem mot 2027?

I Vestland fylkeskommune er internasjonalt samarbeid ein integrert del av den vidaregåande opplæringa og eit viktig verktøy for å auke kvaliteten og relevansen i opplæringa i skule og i bedrift. Elev- og lærlingmobilitet skal gjennom Erasmus+, bidra til å gjere ungdommane betre i stand til å ta del i samfunns- og arbeidsliv lokalt, nasjonalt og globalt. Globale utfordringar og skiftande regionale behov gjer at opplæring og kompetanse stadig må fornyast og forbetrast. Utvida og ny fagkunnskap og erfaring med andre praksisar og perspektiv samt auka interkulturell kompetanse gjennom internasjonalt samarbeid, vil gjere framtidens samfunnsborgarar meir trygge i seg sjølve og på eigen bakgrunn og meir fleksible i samfunns- og arbeidslivet.

For fylkeskommunen skal ikkje deltaking berre vere eit mål i seg sjølv, men brukast som verkemiddel til å fremme høg kvalitet og relevans i opplæringa for å nå måla i dei regionale planane. Fylkeskommunen sitt mål er at deltaking i det europeiske utdannings- og opplæringssamarbeidet skal bidra til fagleg og personleg utvikling for den einskilde, og til viktige læringsutbyte som utvikling av ny kompetanse og nye ferdigheiter, betre språkkunnskapar og djupare kulturforståing.

Opplæring er ein livslang danningprosess. Deltaking i Erasmus+ skal også være eit relevant bidrag til at skulane skal kunne nå måla i den overordna delen av læreplanverket som gjeld opplæringa sitt verdigrunnlag og tverrfaglege tema som demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling. Fagfornyinga legg stor vekt på utvikling av interkulturell kompetanse, og målet er at deltaking i det europeiske samarbeidet skal gjere at ungdommane både blir meir sjølvstendige, meir bevisste dei demokratiske verdiane, og bidra til å gjere dei til lokale og globale medborgarar som evnar å fungere positivt, reflektert og inkluderande i eit fleirkulturelt samfunn.

Som skuleeigar har fylkeskommunen ansvar for å sikre at tilsette har riktig og nødvendig fagleg og pedagogisk kompetanse. Mange lærarar og skuleleiarar både innanfor yrkesfagleg opplæring og studieførebuande utdanning, treng kompetanseheving når samfunns- og arbeidslivet stadig er i utvikling. Fylkeskommunen ønsker at mobilitet gjennom deltaking i Erasmus+ for både yrkes- og fagskulelærarar, instruktørar og lærarar på studieførebuande utdanningsprogram, vil kunne gi oppdatert fagkunnskap, inspirasjon til å utvikle nye undervisningsmetodar og innovativ pedagogisk kompetanse. Ulike aktivitetar som lærarutveksling, hospitering, kurs og studiebesøk vil gi unikt innsyn i korleis opplæringa er strukturert og organisert i andre land, og vil legge til rette for erfaringsutveksling og kunnskapsdeling som vil styrke kvaliteten i opplæringa vi tilbyr heime. Eit utvida internasjonalt nettverk vil også styrke eit profesjonsfelleskap som fremmer ein delings- og læringskultur.

Fylkeskommunen skal bidra til auka kapasitet til samarbeid på tvers av fag, sektorar og forvaltningsnivå, og vaksenopplæringsfeltet er ein viktig del av dette. Fylkeskommunen er skuleeigar for vaksne i vidaregåande skule og i kriminalomsorg, og har formelt ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap til flyktningar mellom 18-25 år som deltek fulltid i vidaregåande skule som del av introduksjonsordninga. Vi har ansvar for karriererettleiing for alle vaksne, inkludert dei i introduksjonsordninga. Fylkeskommunen har og tilbod om etableraropplæring og ikkje-formell språkopplæring til innvandrarakar på dei kommunale biblioteka. I arbeidet med å utvikle ein heilskapleg regional kompetansepolitikk deltek vi i eit Erasmus+ sektoriellianse-prosjekt (KA3) for å styrke regionalt og lokalt samarbeid innan heile vaksenopplæringsfeltet, både innan formell og ikkje-formell opplæring.

Fylkeskommunen aukar satsinga i programperioden 2021-27 og har sendt Erasmus+ akkrediteringssøknad for konsortium for vaksne på vegner av heile sektoren i Vestland. Målsettinga er m.a. fagleg og pedagogisk utvikling, synleggjering av feltet, styrke inkluderingsarbeidet og kvalifisering av innvandrarakar til auka deltaking på arbeidsmarknaden.

Vestland fylkeskommune brukar Erasmus+ som verkemiddel for å nå våre utviklingsmål, og fylkeskommunen brukar det strategisk for å styrke tverrsektorielt samarbeid mellom kommunal forvaltning, vidaregåande opplæring og næringsliv. Dette er ei satsing for å utvikle utdannings- og opplæringstilbod i tråd med arbeidslivet sine behov. Samstundes styrkar det vidaregåande skule sin plass som aktiv samarbeidspartnar i lokal samfunnsutvikling. Gjennom Erasmus+ VET Charter har fylkeskommunen utvikla eit konsept "tverrsektorielle gruppeprosjekt" som med gode resultat har styrka europeisk og lokalt tverrsektorielt samarbeid på dette feltet. Erasmus+ er og særst viktig i arbeidet med å utvikle regionale økosystem for kompetanse som både betrar kapasiteten til å identifisere behov for kompetanse og utviklar eller tilpassar tilbod om utdanning og opplæring tilsvarande, t.d. i KA2 prosjekt.

Erasmus+ Aktiv Ungdom programmet gir oss gode verktøy til å arbeide med ungdom i utanforskap og som førebyggjande tiltak. Dette har vi jobba strategisk med i noverande Erasmus+ perioden gjennom Europeisk volontørteneste. Det er gledeleg at EU set enno meir fokus på ungdom i utanforskap i det nye Erasmus programmet, noko som er naudsynt for verdiskapinga og ei meir (sosial) berekraftig Europa.

Dei siste fem åra har vi utvikla eit unikt læringstilbod for ungdommar som har falt ut av vidaregåande skule. Nokre av desse ungdomane ønskjer å arbeide som frivillige i Europa og å bli sendt ut som europeisk volontør. Vi har tilbod om lavterskel-prosjekt med varierte arbeidsoppgåver i ulike land. Standardmodellen vår er at to ungdommar reiser i lag til eit frivillig prosjekt i ein til to månader. Vi legg til rette for at flest mogleg i målgruppa vår kan delta og oppleve meistring. Målet med ordninga er å tilby desse ungdomane eit spennande og relevant læringsprosjekt («learning by doing»), og at ungdommar etter kvart kjem tilbake til skulen eller i arbeid. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDir) har brukt vår modell som «best practice». BUFDir laga en film om VLFK si satsing på frivillig arbeid for skolesluttarakar. Denne filmen blei vist på den nasjonale sluttkonferansen for Erasmus+ i desember 2020: <https://www.youtube.com/watch?v=Tsfllz0HBxc>

Dette har vore ein suksess og er svært ettertrakta blant målgruppa og eit godt verktøy for dei som jobbar med inkludering av ungdom og livsmeistring som fag i skulen. Tilbodet er basert på EU-støtte gjennom Erasmus+: Aktiv Ungdom - European Voluntary

service(EVS), som EU gjorde om til European Solidarity Corps. Vi oppmodar sterkt til at Noreg blir med i European Solidarity Corps, slik at vi kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar. Dette er ei ordning som andre fylke, kommunar, organisasjonar i Noreg òg kan nytte seg av.

-Hvilke mål mener dere vi bør sette på nasjonalt nivå for deltakelsen i Erasmus+ og Det Europeiske utdanningsområdet? Meld. St. nr. 7 (2020-2021) En verden av muligheter - Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning⁴ gir føringer for nasjonale mål, ambisjoner, prioriteringer og innsatsområder.

Med bakgrunn i regionale planer og prioriteringar og som ansvarleg for regional utvikling, har fylkeskommunen god kjennskap til behov og utfordringar innan opplæring og arbeids- og samfunnsliv. Vi har nettverk og kompetanse til å ta på oss ei tydelegare rolle som samarbeidspartnar i arbeidet med å nå regjeringa sine mål om å auka deltaking i Erasmus+. Ei slik rolle vil støtte opp under det gode samspelet og dialogen vi allereie har med Diku. Særleg meiner vi dette vil styrke deltakinga frå mindre kommunar, skular og lokalsamfunn.

Som skuleeigar og regional utviklar har fylkeskommunen ansvar for samfunnsutvikling i tett samarbeid med heile utdanningssektoren, lokal forvaltning, arbeidsliv og sivil sektor. På grunnlag av kjennskap til regionale og lokale behov, utfordringar og styrkar blir politikk utforma og tilbod og tenester utvikla. Fylkeskommunen har kapasitet, kompetanse og ressursar på dette feltet og mobiliserer og legg til rette for at våre målgrupper skal bruke europeisk samarbeid i sitt utviklingsarbeid. I dette arbeidet har vi erfart at Erasmus+ er særskild eigna for deltaking og utvikling i vidaregåande opplæring, vaksenopplæring, ungdoms- og integreringsarbeid, til å løfte nybegynnarar inn i europeisk samarbeid og styrke tverrsektorielt lokalt samarbeid. Erasmus+ er eit verkemiddel som vi no lyser ut på lik linje med andre søkbare midlar innan utdannings-, nærings- og samfunnsutvikling.

Erasmus+ programmet legg til rette for auka tverrsektorielt samarbeid om opplæring og utdanning. Samarbeidet skule - næringsliv er godt utvikla, og fylkeskommunen som skuleeigar har ei viktig rolle som tilretteleggar og fasilitator for deltaking i Erasmus+ innan vidaregåande opplæring i skule og bedrift. Som regional utviklar ser fylkeskommunen at det gir god effekt også å ta med lokale myndigheiter som samarbeidspartnar for skule og næringsliv. Både i arbeidet med å rette utdannings- og opplæringstilbod mot lokale behov og med å ta vidaregåande skule inn som viktig partnar i utvikling av lokalsamfunna. Vi har prøvd ut denne modellen med gode resultat og meiner at tverrsektorielt samarbeid bør kome tydelegare fram som ønska effekt og metode i ein ny strategi for Erasmus+ programmet.

I tråd med ny programperiode må det leggast vekt på at elevar på studieførebuande utdanningsprogram må kunne delta i Erasmus+ på lik linje med elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram og lærlingar. Desse elevgruppene må kunne få delta på studieopphald ved skular i andre land over ein viss periode i løpet av det vidaregåande utdanningsløpet. Ei slik inkludering vil også kunne gi høgare studentmobilitet i universitet- og høgskulesektoren når dei framtidige studentane allereie vil ha erfaring med elevutveksling og har erverva seg relevant interkulturell kompetanse. Når ungdommane har opplevd utveksling i grunnutdanninga, er det større sjansar for at dei som studentar deltek i mobilitetsaktivitetar i høgare utdanning.

Fylkeskommunen meiner det i større grad må leggast til rette for at Erasmus+ programmet kan brukast i etter- og vidareutdanning for både pedagogisk og administrative tilsette.

Fylkeskommunen si nye målgruppe, dvs. unge flyktingar som skal fullføre vidaregåande skule, gjer det ytterlegare viktig at det rettast nok merksemd rundt denne målgruppa med tanke på å innlemme dei i alt arbeid knytt til europeisk samarbeid.

Kvalitet vs. kvantitet - Vestland fylkeskommune jobbar aktivt med internasjonalt samarbeid og er aktive brukarar av Erasmus+. Jo meir erfaring og kunnskapar vi har erverva oss når det gjeld internasjonalt arbeid og deltaking i program, desto meir bevisste er vi på betydninga av kvalitet på opphald og i prosjekt. Det å sende flest mogleg elevar og lærlingar og andre målgrupper på utveksling eller delta i prosjekt, bør ikkje vere eit eksplisitt mål i seg sjølv utan at vi set høge mål for kvalitet.

Muligheter og utfordringer

-Hvilken betydning har det europeiske samarbeidet og Erasmus+ for dere?

Deltaking i Erasmus+ har gitt gode resultat, kompetanse og erfaringar både til fylkeskommunen, våre samarbeidsorganisasjonar og den einskilde deltakar. Det har synleggjort Erasmus+ som eigna verkemiddel for å nå lokale og regionale utviklingsmål. Det har auka fylkeskommunen og deltakarane sin kompetanse og evne til prosjektgjennomføring og -samarbeid, til mobilisering og nettverksbygging. Erasmus+ har medverka til at internasjonalisering og internasjonalt samarbeid har blitt eit integrert del av det tverrgående utviklingsarbeidet i organisasjonen, både innan utdanning, nærings- og samfunnsutvikling. Nytt ansvar og nye oppgåver innan integrering har gitt nye moglegheiter som forpliktar til innsats og auka bruk av Erasmus+ som verkemiddel.

Gjennom deltaking i Erasmus+ får den einskilde elev og lærling meir kunnskap om både seg sjølv og andre. Dei ulike erfaringane dei får i møte med ulike kulturuttrykk og tradisjonar, bidreg til å forme deira identitet og styrkar evna til å ta del i samfunns- og arbeidsliv lokalt, nasjonalt og globalt.

Arbeidet med Erasmus+ har bidrege til etablering av nye sterke regionale og internasjonale partnerskap og nettverk, og vist at det og er viktig, som del av heilskapen, å jobbe med mindre prosjekt, med småskala aktivitetar og utviklingsprosessar og løyse mindre problem. Fylkeskommunen har spesielt gjennom Erasmus+ mobilitet utvikla tilbod og tenester som lavterskel-tilbod og katalysator for våre målgrupper for å få ny kunnskap, utveksle erfaringar, modellar og god praksis, internasjonal kompetanse og for å styrke tverrsektorielt samarbeid. Vi ser at deltaking i mobilitetar og strategiske partnerskap støttar og inspirerer lokalsamfunn, utdanningssektoren, nærings-, arbeidsliv og sivil sektor til å bli gode problemløysarar, hauste og utvikle nye løysingar på felles europeiske problem og såleis styrker det europeiske utdanningssamarbeidet.

Aktiv Ungdom har gitt oss høve til utviklingsarbeid innanfor ungdomsfeltet, m.a. tverrsektorielt samarbeid i lokalsamfunn, alternative læringstilbod for ungdom i utanforskap og førebyggjande tiltak.

Vestland fylkeskommune deltek i eit Sektor Skills Alliance prosjekt, ALBATTTS. Prosjektet har eit budsjett på cirka € 4 millionar og skal levere ein europeisk "blueprint" for kompetanse innafor batteriteknologi for mobilitet. Vestland fylkeskommune har spesielt merksemd på maritime applikasjonar i prosjektet samen med Corvus Energy AS, som også er partner i prosjektet. Fagskulen i Hordaland deltek som utdanningsinstitusjon og skal teste løysingar og utvikle utdanningsprogram.

- Hva er de største utfordringene og hindringene knyttet til deltakelse i Erasmus+, både i søknadsfasen og i gjennomføringen av prosjekter?

I arbeidet med å bruke Erasmus+ som verkemiddel i utvikling av vestlandssamfunnet ligg det stort potensiale. Den største utfordringa er å få våre målgrupper, skular, kommunar, næringsliv og frivillig sektor til å sjå nytten av, og bli interessert i, deltaking i Erasmus+. I ein travel kvardag er desse aktørane opptatt med nære og viktige oppgåver som gir lite rom for å vurdere om internasjonalt samarbeid er tenleg som verkemiddel i deira utviklingsoppgåver.

Vestland fylkeskommune har gode samarbeidspartnarar og eit omfattande nettverk i fleire regionar og byar i Europa. Dette er partnarar vi har samarbeida med i mange år, og kvalitetssikringa av søknadsprosessar og prosjektprosessen gjer deltaking lettare å handtere for våre regionale aktørar i ein travel kvardag. Det er ei utfordring å opprette nye kontaktar og utvikle nettverk utanfor dei etablerte nettverka, og det er vanskeleg å vere sikre på at kvaliteten og det faglege utbyttet vil vere i samsvar med ressursane som blir sett inn i prosjekta utan å ha opparbeidd eit godt kjennskap til nye partnarar. Som tilretteleggar og fasilitator skulle fylkeskommunen ha ønskt å ha moglegheit til meir tid og midlar i etableringsfasen av prosjekta.

Tilbakemeldingar viser tydeleg at målgruppene våre ønsker at fylkeskommunen skal ha ei sterk koordinerande og tilretteleggande rolle: t.d. søke om "fellesmidlar" til utlysing innan VET og Adult, vere ein støttespelar frå søknad til prosjektgjennomføring.

For å lukkast med å auke deltaking og kvalitetssikre gode søknads- og gjennomføringsprosessar innan Erasmus+ har fylkeskommunen utvikla ei målretta og strukturert mobiliserings-, koordinerings- og tilretteleggingsteneste. Vi har jamlege informasjons-, oppfølgings- og ein-til-ein-møte med vidaregåande skular, lærlingar, vaksenopplæringssektoren, kommunar og sivil sektor. Til hjelp i arbeidet har vi t.d. etablert Internasjonal kommunenettverk Vestland. Vi lyser og no ut Erasmus+ midlar (VET Charter) på lik line med andre fylkeskommunale verkemiddel for å styrkje utdanning og opplæring i tråd med arbeidslivet sine behov.

Det er viktig for oss å kunne arbeide langsiktig og strategisk med utviklingsarbeid og at vi blir høyrte i prosessar rundt nye vegval.

Som eit eksempel investerte vi mange ressursar i å utvikle eit alternativt læringstilbod for ungdom utanfor skole eller arbeid som var fullt og heilt byggja på Erasmus+ programmet (Europeisk volontørteneste). Dette blei sett på som god praksis av Buf-direktoratet, og andre organisasjonar som NAV og andre fylke i Noreg hadde byrja å ta i bruk den nye modellen. Noreg bestemte seg utan forvarsel å ikkje lenger bli med i oppfølgjaren av EVS - Solidaritetskorpsset - frå og med 2019. Vedtaket til regjeringa tar botnen ut av dette unike læringstilbodet til ei sårbar gruppe ungdomar og gjer det vanskeleg for oss organisasjonar å tenke strategisk og langsiktig.

- Hvordan arbeider din organisasjon med å mobilisere til og støtte opp under (potensielle) deltakere?

I Vestland fylkeskommune samarbeider avdelingane Opplæring og kompetanse og Innovasjon og næringsutvikling tett saman innan VET Charter om å mobilisere, rettleie og støtte våre målgrupper til deltaking i Erasmus+ prosjekt. Frå 2020 lyser vi og ut midlar innan denne ordninga på lik line med andre midlar til kompetanse- og næringsutvikling. Innan Erasmus+ vaksenopplæring og integreringsarbeid er avdeling for Kultur, idrett og inkludering ein viktig part i dette samarbeidet. Det gode interne samarbeidet om Erasmus+ er ei stor styrke som hjelper fylkeskommunen til å sjå heilskapen i kompetansepolitikken på tvers av fag og sektorar.

Fylkeskommunen tenkjer langsiktig og strategisk om korleis og mot kva målgruppe vi skal bruke Erasmus+ programmet som verkemiddel i utvikling av vestlandssamfunnet. Vi mobiliserer utvalde målgrupper til deltaking i prosjekttypar som tener deira behov, anten det er mobilitetsprosjekt, strategiske partnerskap eller større prosjekt. Vi inviterer alle dei vidaregåande skulane og opplæringskontora om å delta i fylkeskommunen sitt VET Charter. Vi brukar mobilitetar som introduksjons- og lavterskel-tilbod for eigne tilsette, for tverrsektorielle gruppeprosjekt og for tilsette i formell og ikkje-formell vaksenopplæring. Desse prosjekta har ei stor verdi i seg sjølve, og er også ofte utgangspunkt for seinare deltaking i større Erasmus+ prosjekt som strategisk partnerskap og sektoralliansar. Fylkeskommunen deltek og sjølv i KA2 og KA3 prosjekt og legg vekt på å trekkje med ulike målgrupper i desse prosjekta.

Fylkeskommunen inviterer til informasjonsmøte, prosjektutvikling- og søknadsskrivingsseminar og er tett på våre målgrupper. Vi hjelper med prosjektgjennomføring, fasiliterer dokumentshandtering og rapportering og hjelper med spreiring av gode resultat.

Fylkeskommunen hjelper med «partnersøk» dvs. finne relevante europeiske partnerorganisasjonar til våre brukarar. Skulane har ofte etablert gode partnerskap sjølve, men det gjeld i mindre grad kommunar, vaksenopplæringsfeltet og prosjekt innan Aktiv ungdom.

Fylkeskommunen er og med i ulike nettverk og medlemsorganisasjonar nasjonalt og på europeisk nivå for å styrkje vår kompetanse og moglegheit til å mobilisere og hjelpe målgrupper. Her nemner vi spesielt Diku med sitt fylkesnettverk for internasjonalisering av utdanning og Fylkesnettverket for internasjonalisering innan regional utvikling (Østlandssamarbeidet er sekretariat). På europeisk nivå har vi over mange år etablert eit tett og godt samarbeid med ulike europeiske regionar. Vi har og stor nytte av medlemskapen i [EARLALL](#) (European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning) og Vest-Norges Brusselkontor

Regionalt har fylkeskommunen etablert Internasjonalt kommunenettverk Vestland (frå 2018) som har jamlege informasjons- og søknadsseminar med hovudfokus på bruk av Erasmus+ som verkemiddel i nærings- og lokal samfunnsutvikling.

Frå 2021-27 aukar vi tilbodet mot våre målgrupper med to søknadar i Erasmus+ Akkreditering for konsortium. Innan VET (yrkesfag) med vekt på kompetanseheving, elevutveksling og nærings- og lokalsamfunnsutvikling mm. Innan ADULT (vaksenopplæring) er kompetanseheving for tilsette, mangfaldsleing, integrering og kvalifisering av innvandrarar til auka deltaking på arbeidsmarknaden viktige tema. Målsettinga er å lyse ut desse midlane til våre målgrupper frå 2021 og utover.

Vestland fylkeskommune har vore regionalkontaktpunkt for Aktiv Ungdom programmet og delteke i Bufdir sitt nettverk for lokalkontaktar. Vi har hjulpt Bufdir med å mobilisere og dele på konkrete tips og praksis med andre fylke, kommunar og organisasjonar ved å halde foredrag og leie workshops, spesielt om ungdom og inkludering.

- Hvilke nasjonale, regionale og lokale støttetjenester (f.eks. informasjon, kurs, rådgivning, økonomiske stimuleringsordninger) er særlig viktige for at din organisasjon skal lykkes i det europeiske samarbeidet?

Diku og Bufdir er dei viktigaste samarbeidspartnarane for Vestland fylkeskommune i arbeidet med Erasmus+. Dei tilbyr særskilte relevante informasjons- og nettverksmøte og arrangerer ulike seminar for både fylkeskommunen og våre målgrupper. Fylkeskommunen brukar Diku og Bufdir i arbeidet med å forstå ulike program og

moglegheiter for deltaking. Dei er og sær positive til å samarbeide med fylkeskommunen om å arrangere ulike regionale Erasmus+ informasjonsmøte og seminar.

Ei tydelegare rolle for fylkeskommunen som samarbeidspartnar i arbeidet med å nå regjeringa sine mål om å auka deltaking i Erasmus+, vil støtte opp under det gode samspelet og dialogen vi allereie har med Diku og Bufdir.

Auka stimuleringsordningar til fylkeskommunen vil kunne ha stor effekt på auka deltaking frå mindre kommunar, skular og lokalsamfunn.

Det er eit behov for meir samhandling mellom Diku og Bufdir.

For at vi i Noreg skal lykkast betre med å få ut det fulle potensialet til programmet for livslang læring, bør ein sjå på synergiene mellom formell og ikkje-formell/uformell læring.

Fylkeskommunen er koordinator for og etablerte Internasjonalt kommunenettverk Vestland i 2018 etter innspel frå kommunane (spørjeundersøking). Nettverket har jamlege informasjons- og søknadsseminar med hovudfokus på bruk av Erasmus+ som verkemiddel i nærings- og lokal samfunnsutvikling. Det set fokus på vidaregåande skule som sentral og viktig samarbeidspartnar i lokal samfunnsutvikling. Målgruppa er kommunar og regionråd. Målsettinga er å styrke lokalt og europeisk samarbeid om å utvikle kompetanse og utdannings- og opplæringstilbod i tråd med lokale behov; få ny kunnskap, utveksle metodar, erfaringar og bygge gode fagnettverk. Nettverket er blitt ein stadig viktigare plattform for spreiding av kompetanse og erfaringsutveksling innan Erasmus+ som verkemiddel for lokalt samarbeidet om å avdekke opplæringsbehov og tilpasse/styrkje det tilsvarande.

Informasjon og bruk av kunnskap og resultater:

-Opplever du/din organisasjon at dere har god informasjon om europeisk politikkutvikling og samarbeid, som grunnlag for deres deltakelse i Erasmus+?

Fylkeskommunen følger med på europeisk politikk på mange politikkområde og i denne samanhengen særleg innanfor utdannings- og kompetansepolitikken. Dette er sær viktig for å forstå bakgrunnen for og målet med Erasmus+ som i stor grad er samanfallande med norsk utdannings- og opplæringspolitikk. Programmet for Erasmus+ er også ei viktig kjelde til å forstå dei felles europeiske måla på feltet.

Det er og ein stor styrke at fylkeskommunen har ei satsing og eit miljø på tvers av avdelingane i organisasjon som har kompetanse og oppgåver innan mobilisering og europeisk prosjektsamarbeid. Dette gjeld innan fleire EU/EØS-program og -politikkområde.

Diku og Bufdir er viktige støttespelarar for oss for å tolke og forstå politikkbakgrunn og målsettinga med Erasmus+. Vest-Norges Brusselkontor er ein viktig lyttepost og gir oss god informasjon om europeisk politikk, trendar og satsingar. Medlemskapen i EARLALL (European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning) har særleg styrka vår kompetanse på politikkområdet innanfor vaksenopplæringsfeltet og livslang læring.

- Hva/hvem er deres viktigste informasjonskanaler?

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-7 -20202021/id2779627/>.

www.aktivungdom.eu

Facebook: Erasmus+: Aktiv Ungdom, Erasmus+: Aktiv Ungdom lokalkontakter, European Youth, EVS (European Voluntary Service), ESC - European Solidarity Corps

Sjå punktet over

-Hvordan arbeider din organisasjon systematisk for å spre og ta i bruk kunnskap og resultater fra samarbeid i Erasmus+ i egen organisasjon og/eller utover egen organisasjon?

Vi har klare retningslinjer som vi har utarbeidd for internt bruk i fylkeskommunen når det gjeld deltaking i internasjonale prosjekt. Spreiing av resultat er eit tema som er omtalt i retningslinjene. Eigen evaluering og tilbakemelding frå Diku viser at vi har utfordringar i spreiiing av resultat. Vi jobbar med å systematisere dette både internt og mot eksterne målgrupper. I utviklinga av våre eigne tenester innan Erasmus+ haustar vi kontinuerleg gode døme og modellar frå ulike prosjekt. Vestland er i gang med å utvikle ein ny kommunikasjonsstrategi som og vil styrke spreiiingsarbeidet framover. Ei god forankring både administrativt og politisk er føresetnad for prosjektdeltaking. Det strukturerte interne samarbeidet om Erasmus+ mellom tre ulike avdelingar bidreg til forankring og spreiiing av resultat og sikrar overføring av god praksis. Deltaking i ulike nettverk er også ein viktig arena der vi spreier gode resultat i eigen organisasjonen, nasjonalt og på europeisk nivå. Dette er eit arbeid vi synest er utfordrande og som alltid kan bli betre. Det er ønske frå vår side at det blir lagt betre til rette for spreiiing av resultat på nasjonalt nivå. T.d. ved at det blir utvikla gode nasjonale digitale spreiiingsplattformer der vi enkelt kan publisere og finne gode prosjektresultat. Det er og behov for og ønskjeleg med fleire nasjonale seminar (gjerne digitale) som spreier god praksis retta mot ulike tema og målgrupper.

Vestland fylkeskommune har hjelpt kommunar og organisasjonar i og utanfor eige fylke med å mobilisere gjennom å informere og å dele på praksis og konkrete tips.

Samspill med andre ordninger, organisasjoner og politikk/fagområder

- Hvilke muligheter og utfordringer ser dere når det gjelder å utnytte synergier mellom Erasmus+ og det kommende europeiske utdanningsområdet og andre europeiske programmer og initiativer?

Vestland fylkeskommune leiar eit Interreg Nordsjø prosjekt "Right Skills for the Right Future" der vi har avdekkja kompetansegap som ein barriere for å utvikle sterke og framtidsretta næringar. Prosjektet har ei tydeleg kopling til smart spesialisering og skildrar korleis kompetanse er tett koplta til næringsutvikling. Vi ser at det vil kome fleire moglegheiter i framtida for å utvikle prosjekt under både Erasmus+, Interreg og Horisont Europa som fremmer våre regionale fortrinn og støtter opp under ein strategi for smart spesialisering.

- På hvilke områder og hvordan ønsker dere å utnytte synergier mellom det europeiske utdanningssamarbeidet (Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet) og det europeiske forsknings- og innovasjonssamarbeidet (Horisont Europa og Det europeiske forskningsområdet)?

Det å utvikle ny og relevant kompetanse er eit gjennomgåande tema i dei ulike programma. Vi ser og utnyttar dette på same måte som vi arbeider med ulike problemstillingar på ulike nivå og med ulike sektorar.

For å opparbeide interesse for internasjonalt prosjektsamarbeid i målgruppene våre

brukar vi Erasmus+ strategisk også som inngang til, og springbrett til, auka internasjonalt prosjektsamarbeid i fleire program, t.d. Interreg og Horisont